

Statsspråk

Bladet for godt språk i staten



Nå har nynorsken vorte
så naturleg for oss at vi
ynskjer å bli best i staten.

Cathrine Ekehaug



Høge mål for nynorsken

Over nyttår kjem ei ny lov med nye reglar for nynorsken. Norec ynskjer språklova velkommen. Dei har som mål å bli det statsorganet som er best på nynorsk.

AV SIGRID SØRUMGÅRD BOTHEIM

Om du går inn på nettsidene til Norsk senter for utvekslingsamarbeid (Norec), møter du mykje nynorsk. I mållovsrapporten for 2020 går det fram at Norec gjer eit svært godt nynorskarbeid. Men det er ikkje mange år sidan stoda var annleis. Kva har skjedd i desse åra?

– Tidlegare fekk vi nesten slakt i mållovsrapporteringa. Men i 2018 skjedde det store endringar i organisasjonen vår. Vi vart flytta frå Oslo til Førde, og da måtte vi byggje opp ein ny organisasjon og ein ny språkkultur. Det

vart meir merksemld rundt språket fordi vi rekrutterte mange tilsette som var nynorskbrukarar. Nå har nynorsken vorte så naturleg for oss at vi ynskjer å bli best i staten, seier Cathrine Ekehaug, seksjonsleiar for kommunikasjon og samfunnkontakt.

Tidlegare i 2021 vart Tone Merete Lillesvangstu tilsett som kommunikasjonsrådgjevar med særleg ansvar for språk. I tida framover skal ho mellom anna laga ei ordliste med gode nynorske ord og frasar som blir brukte i bistandssektoren. Lillesvangstu ser på →

Snart klar? Vi teller ned til klarspråksparagrafen

Språkloven slår fast at offentlige organ har plikt til å kommunisere på et språk som er klart, korrekt og tilpassa målgruppa. Men hva betyr det for deg?

Det kan du få svar på i et nettseminar om klarspråksparagrafen. Ingrid Olsson sender hilsener fra det svenske Språkrådet. PLAIN-president Margrethe Kvarenes svarer på hva klarspråk egentlig er. I tillegg får du mulighet til å lære kommareglene av Språkrådets kommaekspert Erlend Lønnum.

På språkrådet.no/nettseminar kan du se opptak av både dette og tidligere nettseminar om klarspråk. Seminarene blir laga i samarbeid mellom KS, Digitaliseringsdirektoratet og Språkrådet.



– Språklova skal hjelpe staten til å kommunisere betre med innbyggjarane. Her er nynorsken eit godt verktøy, sidan det er eit klart og direkte språk.

Tone Merete Lillesvangstu

→ nynorsken som eit middel til å nå fleire mål for språkarbeidet, ikkje berre dei som har med nynorsk å gjera.

– Språklova skal hjelpe staten til å kommunisere betre med innbyggjarane. Her er nynorsken eit godt verktøy, sidan det er eit klart og direkte språk. Eg er svært oppteken av at det å skrive nynorsk ikkje berre handlar om ordval, men like mykje om å skrive tydeleg og med ein god flyt, seier Lillesvangstu.

Mållova er død, leve språklova

Når den nye språklova tek til å gjelde frå 1. januar 2022, blir dagens mållov oppheva. Det meste av mållova blir ført vidare i språklova, men nokre føresegner er nye. Mellom anna er det ikkje lenger eit krav at kvar enkelt tilsett i staten må meistre både skriftspråka, men kvart statsorgan har ansvar for å sørge for at det samla sett har god nok kompetanse til å oppfylle lovkravet.

– Med denne endringa blir det tydelegare at leiinga har ansvaret for å sikre at nynorsken blir teken vare på. Leiatarar må mellom anna kartlegge kompetansen internt og sørge for at dei tilset folk med rett språkkompetanse, seier språkrådsdirektør Åse Wetås.

Kva slags tilsynsorgan blir Språkrådet med den nye språklova?

– Vi skal føre tilsyn med at statsorgana veksler mellom bokmål og nynorsk, og den oppgåva blir faktisk lovfesta med den nye lova. Vi skal halde fram med å seia tydeleg

ifrå når det offentlege bryt lova, men òg gje rettleiing og støtte slik at det blir lettare å gjera rett, seier Wetås.

Eigen nynorskkonsulent

Fylkeskommunane får nye plikter etter lova. Vestfold og Telemark fylkeskommune har allereie teke grep ved å tilsetta ein eigen nynorskkonsulent.

– I 2019 vedtok Vestfold og Telemark at 25 prosent av all tekst som blir skriven i fylkeskommunen, både internt og eksternt, skal vera på nynorsk. Vedtaket vart gjort delvis fordi språklova var i kjønda, delvis fordi vi skulle bygge opp eit nytt, samanslått fylke. Mange av kommunane i Vest-Telemark har nynorsk målvedtak, og det er viktig for fylkeskommunen å kommunisere med innbyggjarane på det skriftspråket dei sjølv ønskjer, seier nynorskkonsulent Kristin Berge.

Berge har fleire planar, og nokre av dei går ut på å setja nynorsk arbeidet meir i system. Mellom anna skal ho laga ein språkprofil for både bokmål og nynorsk.

– Vi har òg planar om å kjøpe inn eit verktøy for omsetjing frå bokmål til nynorsk. Folk lærer kanskje ikkje så mykje nynorsk av å bruke eit slik program, men eg trur det kan verke inspirerande. Eg har inntrykk av at somme synest det er både skummelt og arbeidskrevjande å skrive nynorsk. Men vi må hugse at innbyggjarane våre har språklege rettar. Alt språkarbeid handlar eigentleg om å setja innbyggjaren i sentrum.



Cathrine Ekehaug
Foto: Norec



Tone Merete Lillesvangstu
Foto: Norec



Kristin Berge
Foto: Stina Glømmi



Nynorskressursar

E-læringskurset «**Oi, på nynorsk!**» gjer deg tryggare på å bruke nynorsk i arbeidskvarden. Kurset ligg ute på DFØs læringsplattform.

På **språkrådet.no** finn du råd om nynorsk setningsbygnad og ordtilfang. Du finn også ei administrativ ordliste frå bokmål til nynorsk.

På **ordbøkene.no** kan du slå opp i Nynorskordboka og Bokmålsordboka på nett.



Foto: Johnny Vaet/Nordskog



Språklov på 1, 2, 3

Trenger du en rask innføring i språkloven? Se og hør jurist Sofie Høgestøls innlegg «Språklova på 1, 2, 3», som ble holdt på Språkdagen 2021. Innlegget er tegnspråktolket. Du finner det på **språkrådet.no/sprakdagen**.




Mer om språkloven

Vil du lese mer om reglene for veksling mellom nynorsk og bokmål? På **språklov.no** blir det lagt ut veiledningstekster til alle paragrafene i språkloven. Nettstedet er klart i januar 2022.

Til:

*abonnentane
Språkrådet*

Fra:



Forvaltningsord

Litt likt eller heilt annleis?

Somme forvaltningsord på nynorsk liknar litt på bokmålsorda, medan andre er heilt annleis. Det er inga skam å slå opp i ordboka!

Av og til er det greitt å bruke ord som sluttar på *-heit*, men det finst ofte betre alternativ:

- kortare ord
teieplikt, omstende, løyve, vilkår
- ord som endar på på *-dom, -leik, -skap*
fridom, tryggleik, heilskap
- ord som endar på *-semd, -løyse*
verksemd, arbeidsløyse

Verb

Bruk fortidstesten for å skilje mellom dei to vanlegaste verbklassane

Om du kladda ein e-post i går, så kladdar du han i dag.

Om du viste til ei sak i går, så viser du til ho i dag.

Substantiv

Hovudreglane for substantivbøyning:

*ein rapport – rapporten – rapportar – rapportane
ei sak – saka – saker – sakene
eit dokument – dokumentet – dokument
– dokumenta*

Ingar-regelen

Både hokjønnsord og hankjønnsord som sluttar på *-ing*, får *-ar*-ending i fleirtal:
*ei stilling – stillinga – stillinger – stillingane
ein lærling – lærlingen – lærlingar – lærlingane*

Vil du kome i lovleg god språkform fram til språklova tek til å gjelde? Årets julegåve her på plakaten er nokre grunnleggjande reglar i nynorsk. Følgjer du desse reglane, lukar du ut ein stor del av dei vanlegaste feila!

Pronomen og eigedomsord

Bokmål: *dere – dere – deres*

Nynorsk: *de – dykk – dykker
eller dokker – dokker – dokkar*

Språkføring

Ver konsekvent!

Fleire ord og bøyingsformer er valfrie i nynorsk, men du må vere konsekvent i bruken. Med mindre du følgjer reglane for kløyvd infinitiv, må du halde deg til éi ending i infinitiv, anten *-e* eller *-a*.

Kan du kalle meg inn til to møte for å diskutere og avgjere saka?

Kan du kalla meg inn til to møte for å diskutera og avgjera saka?

Hugs alltid hjelpeverb om du bruker passiv!

Kongen personleg **kan** ikkje lastast eller skuldast for noko.

Alle nyhenda **blir** publiserte på nettsidene våre.

Bruk s-genitiv mindre enn i bokmål!

Ofte er det lurt å skrive om:



*byråets nettside → nettsida til byrået
partiets program → partiprogrammet*

S-genitiv er greitt i særnamn:

Støres regjering, Noregs forskingsråd

God jul!

Returadresse:
Språkrådet
Postboks 1573 Vika
0118 Oslo



SPRÅKTIPS

Nå er det nå

Per tid er et uttrykk som ser ut til å være på frammarsj for tida, også i offentlige tekster. *Per tid* er trolig en feiltolkning av forkortelsen *p.t.*, som står for *pro tempore*. Det er all mulig grunn til å rå fra *p.t.* og rå til klare og gode uttrykk som *for tida* eller *nå*. *Per tid* gir liten mening i seg selv.

«På godt navsk»

Hvem bestemmer over språket?

I den åttende episoden av Navs podkast «På godt navsk» snakker språkrådsdirektør Åse Wetås, Nav-direktør Hans Christian Holte og Navs IT-direktør Jonas Slørdahl Skjærpe om språk og teknologi i offentlig sektor. Hva gjør teknologiutviklingen med språket vårt og formidlingen vår i dag?

Podkosten handler om enkelt og forståelig språk i offentlige etater i Norge. Fra og med episode 5 deltar Språkrådet med en fast spalte. Du finner podkosten på Spotify.



Åse Wetås

Foto: Moment Studio



Hans Christian Holte

Foto: Nav



Jonas Slørdahl Skjærpe

Foto: Nav

Språkegget

– denne gangen et språklig farevarsel

«Servi på dette satellittbildet, så ser vi at det ikke er mange skyer å se.»

Hører du mye på værmeldinga, så hører du at det er mye å høre!



Språkspørsmålet

Jeg ser at store bedrifter og foretak har HR-avdelinger. Er dette noe annet enn personalavdelinger, eller er betegnelsen et eksempel på at engelske ord fortrenger etablerte norske ord?

Svar: Den direkte oversettelsen «menneskelige ressurser» (i betydningen ‘ansatte som ses på som et gode for en bedrift’) brukes ofte som norsk oversettelse av «human resources». Ofte er dette synonymt med «personale» og «ansatte». Noen vil mene at HR-begrepet rommer mer enn det tradisjonelle personal-begrepet. Men det er ikke noe i veien for at *personal-*, som i utgangspunktet er en romslig term, skulle kunne vise til avdelinger som legger stor vekt på menneskelige ressurser av ymse slag.

Det ser ut til at betegnelser som «HR-avdeling» er mest vanlig i det private næringslivet, men bruken har smittet over på statsadministrasjonen også, for eksempel i større helseforetak og ved universiteter.

Særlig i staten bør man være skeptisk til å erstatte etablerte, norske betegnelser med andre, som ofte er mindre informative. Resultatene kan lett bli det som kalles «ordsminkle». Ifølge språkpolitikken skal offentlige organ styrke det norske språket, uttrykke seg klart og følge rettskrivingsreglene.



Sitatet

Aldri så galt at det ikke kan bli verre på trykk.

Andreas Wiese, journalist